

## Innfør Kristiansund-modellen i Rogaland

Innanfor fagrørsla har det vore ein del snakk om den såkalla «Kristiansund-modellen». I grove trekk handlar dette om å krevje tariffavtale for alle selskap som vil ha skjenkeløyve for å handheve avtala.

Grunnlaget for å gjere dette ligg i at stort sett ingen skjenkestadar har tariffavtalar. Dette er ikkje eit problem i seg sjølv, sidan riksavtala for hotell- og restaurantnæringa er allmenngjort, men handhevinga av allmenngjeringa er dårlig. I tillegg, er det stor gjennomtrekk i desse næringane og ofte organiseringssfiendsleg leiing som gjer desse bedriftene vanskelege å organisere.

Dette har gjort bransjen særslig useriøs, noko som gjer at ein stor del av alle arbeidarane i hotell- og restaurantnæringa i Rogaland ikkje har nokre rettar utanfor det mest grunnleggande i arbeidsmiljøloven, men brot av denne er heller ikkje unormal. I tillegg er ofte straffa frå Arbeidstilsynet så liten at arbeidsgjevar ikkje vel å følgje reglane. Å inndra skjenkeløyva vil derimot vere katastrofal for skjenkestadar, og dei blir derfor nøydt til å handheve avtala.

LOs regionkonferanse i Rogaland meiner at:

- Alle skjenkestadar må ha tariffavtale for å få skjenkeløyve.
- Brot på reglane i tariffavtala skal straffast med inndragning av skjenkeløyve.
- Dette skal gjelda nyetableringar og ved fornying av skjenkeløyve.
- Det skal arbeidast for ein standardisert modell som inneheld minstekrav som deretter kan nyttast som utgangspunkt for den einskilde kommunen.